

# SOGNDAL

kyrkjelydsblad



Nr. 11 mars 2025 | 53. årgang



God påske!



### Utgjeve av Sogndal kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Besøksadresse:  
Stedjetunet, 2. etasje  
Kyrkjevegen 6  
6856 Sogndal

Bladpengar, gjerne kr. 400, kan  
betalast til Sogndal kyrkjelydsblad  
sin konto 3705.19.42087 eller til  
Vipps-nr 594582. Merk: «Blad-  
pengar»

Postadresse:  
Sogndal kyrkjelydsblad,  
Postboks 180, 6851 Sogndal

Telefon kyrkjekontoret:  
57 67 99 85  
e-post: post.sogndal@kyrkja.no

Heimeside:  
[www.sogndal.kyrkjja.no](http://www.sogndal.kyrkjja.no)

Grafisk:  
[printfarm.no](http://printfarm.no)

Kyrkjelydsbladet blir sendt til  
heimane i alle sokn i Sogndal  
kommune. Det er også mogleg å  
tinga bladet for dei som bur utanfor  
sokna bladet vert distribuert til.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet  
kjem ut i midten av juni. Stoff kan  
sendast til post.sogndal@kyrkja.no  
innan 9. mai.

**Foto på framsida:**  
Stort bilet: Kvamsøy kyrkje er 750 år  
i år. Det vert feira i juli.  
Dronefoto: Per Storemyr, Fabrica

Lite bilet venstre: Tysdag 8. april samlar  
konfirmantane i Sogndal inn pengar til  
fasteaksjonen. Foto: Kirkens Nødhjelp

Lite bilet høgre: Illustrasjonsfoto: Pixabay

## Alt kyrkja sitt arbeid er diakonalt

For nokre år sidan hadde kyrke-  
kontoret ein student frå Zambia,  
som delte eit viktig anliggande med  
oss; **«actions speaks louder than  
words» — handling talar høgare  
enn ord.**

Orda fortel oss også kva diakoni er;  
evangeliet kjem til uttrykk gjennom  
ord men enno meir gjennom  
handling, i sjølve praksisen.

Einar Aaland, tidlegare dosent ved  
Institutt for diakoni og ledelse,  
skreiv ein artikkel han kalla: «Tro  
er praksis - diakoni er etikk» (2012).  
I kvardagen er diakonal etikk eit  
grunnlag for gode val og handlinger  
– det vi gjer i kjærleik og omsorg for  
vår neste. Til vanleg snakkar vi mest  
om eit samsvar mellom liv og lære,  
som ei haldning og innstilling som  
syner seg i våre handlingar.

Kyrkja sitt oppdrag er diakonalt og  
gjeld alle oppgåvene vi utøver; alt  
av frivilleg arbeid, prestetenesta,  
det kyrkjelydspedagogiske  
arbeidet, kyrkjetenarane sine  
oppgåver, kantorane sitt ansvar og  
administrasjonen sin tilrettelegging  
for det kyrkjelege arbeidet.

I kyrkja sitt diakonale arbeid kan alle  
vere med og bidra slik det passer  
for den einskilde. Kan hende du vil  
vere med i nokre aktivitetar som  
allereie finns, eller du tenkjer på at  
du har lyst å starte med noko? Ta  
gjerne kontakt med kyrkjekontoret  
ved soknediakon Gitte, om du har  
spørsmål du vil finne meir ut av!

*Gitte Therkelsen Torstad*

Diakon



### HAR DU STOFF OG BILETE TIL KYRKJELYDSBLADET?

Sjå våre nettsider, [www.sogndal.kyrkjja.no/kyrkjelydsblad](http://www.sogndal.kyrkjja.no/kyrkjelydsblad) for korleis du kan  
sende stoff til oss. Der ligg kalender med dei neste fire stoffristane.

#### For 2025 er det planlagt desse utgåvene:

Sommar – Frist: 9. mai

Haust – Frist: 22. august

Jul – Frist: 17. oktober

ANDAKT:

## Den tomme krossen

Når kyrkjeklokkenene ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjhusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjhusa er levande fordi dei har teke imot smerte og lidning, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar guds lengt og guds nærvær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkeste symbolet i kyrkjerommet vil alltid vere krossen. Symbolinhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens bodskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert

teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmane. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublende synge «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølv sagt svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleveling av det meiningslause, av gudsfråværet, må også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdig om at Gud som lir og dør langfredag, også deler alle menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng bodskapen om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påskan feirer vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om



Frå altertavla i Leikanger kyrkje.  
Foto: Hallgeir Øgaard Westli

eit liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjer med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

For Livet og Håpet er sterke!

*Døden må vike for Gudsrikets krefter!  
Livet er gjemt i et jordekket frø.  
Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.  
Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.  
(Svein Ellingsen,  
Norsk salmebok nr 209)*

Ragnhild Jepsen  
Biskop

# Nytt frå fellesrådet

## Kaupanger kyrkjestove.

Me går spennande tider i møte på Kaupanger. Den nye kyrkjestova skal stå ferdig i vår og det gleder me oss stort til! Kyrkjestova består av to bygg som «heng saman» ved at det vert bygt ein overgang mellom bygga. Det første bygget er bygt på same staden som det gamle gravplassbygget stod, medan det andre bygget er sett opp litt på skrå bakom. I det første bygget blir det toalett, kontor og bårerom som også kan nyttast til mange andre ting, også som oppholdsrom for omvisarane av stavkyrkja. I kjellaren blir det teknisk rom og kjølerom for kister. Kjølerom for kister har ein ikkje hatt på Kaupanger tidlegare. I første etasje på bygg to finn ein kjøkken, forsamlingssal og eit lite lagerrom. I kjellaren på det bygget blir det mellom anna lager for reiskap ein brukar på gravplassane.

Dette håpar me skal bli gode og tenlege bygg for arbeidet på Kaupanger. I kyrkjestova kan ein samle mykje av aktiviteten ein fram til no har hatt rundt

omkring andre stader i bygda. Dei nye lokalane skal også løyse utfordringane me tidlegare har hatt med sanitærforholda, og ikkje minst håpar me det vil gi ein ny giv til det mangfaldige kyrkjelege arbeidet i soknet.

I byggjepersonalen har ein vore nøydd å halde stavkyrkja stengd. I denne tida har gravferds-seremoniane vore i Stedje kyrkje, medan ein har feira gudstenester i andre lokale i bygda, og både bedehuset, ViteMeir, Vesterland, Skogly og museet har vore nytta. Dei tilsette har vore godt mottekte alle stader, og det har vore kjekt å sjå og kjenne på positiviteten i bygda. Av og til er det fint å feire gudstenester andre stader, både utandørs og innandørs, og det kan hende me vil nytte oss av tilbodet om andre lokale innimellom også seinare.

Når alt er på plass til hausten må me få til ei skikkeleg markering av nybygga!



Det nye kyrkjegardsbygget på Kaupanger tar form. Foto: Vegard Bondevik Lie

## Ølmheim kyrkje.

Staten oppretta eit kyrkjebevaringsfond i 2024. Det er Barne- og familidepartementet som er ansvarleg for fondet, men det formelle forvaltningsansvaret ligg til Riksantikvaren. Midlane i kyrkjebevaringsfondet skal gå til bevaring av freda og listeførte kyrkjer i landet. Det er etablert fire innsatsområde; bevaring (istandsetjing, sikring og konservering), kunnskap og kompetanse, oppleveling og formidling, og engasjement og deltaking. Me søkte om midlar til utbetringar av Ølmheim kyrkje og var så heldige å få kr. 915.000. Midlane skal gå til istandsetjing av bygget der både råteskader, restaurering av vindauge, måling med meir skal takast. Finansieringa krev ein eigenandel – slik det alltid gjer – men dette er uansett ein skikkeleg gladmelding!

## Anna arbeid.

I tidlegare nummer av kyrkjelydsbladet har me skrive om heving av terrenget på nokre gravfelt på Tjugum, ferdigstilling av utvidinga av gravplassen på Stedje, toalett og bårehus på Leikanger, og tjærebreiing av taket på Kaupanger stavkyrkje. Dette er prosjekt me framleis arbeider med, og som me håpar me får utført etter kvart. I Fjærland har ein fått nyt brannalarmanlegg og lynvern-anlegg på kyrkja, og på Tjugum og Sæle har ein fått utført noko vedlikehald og reparasjonar av skadar. Kyrkjebygga våre er alle gamle, men viktige bygg bygdene våre, og ei prioritert oppgåve å halde ved like.

Ut over arbeidet med bygg og eigedomar vert det utført mykje kyrkjelydsbyggande arbeid både innanfor kultur og musikk, trusopplæring, diakoni, konfirmantarbeid, frivillig arbeid med meir. Det er stadig ting å bli med på og det håpar me at du også vil. Eitt nytt tiltak er **Vaffelhjarte-kafé** på Stedjetunet. Den vert arrangert ein gong i månaden og det er frivillige som står bak tiltaket. Vaffelhjarte-kafeen er open for alle og skal vere eit sosialt tiltak der ein kan samlast til ein prat over kaffikoppen. Kom gjerne og ta med deg naboen til ei hyggeleg stund med kaffi i koppen, gode vaflar, god prat og latter!

*Jorunn Merete Haukås-Eide  
Kyrkjeverje i Sogndal*

## Runar Matsui-Li ny sokneprest i Balestrand

I haustnummeret 2024 vart Runar Matsui-Li presentert som ny sokneprest i Balestrand. Her er eit bilete frå innsetjingsgudstenesta i Tjugum kyrkje sundag 22. september. Kjersti Brudvik frå soknerådet las opp teneste-brevet frå biskopen, og prost Kjell Olav Høstaker Nordheim deltok også. Etter hausttakkegudstenesta var det kyrkjakaffi med helsingar, kaker og kaffi i kyrkestova. Som sokneprest har Matsui-Li hovudansvaret for gudstenester, gravferder og andaktar på Helsetunet. Frå januar 2025 har han også teke over ansvaret for konfirmant-undervisninga i Balestrand og torsdag er fast Balestrand-dag. Kontaktinfo: Sokneprest Runar Matsui-Li, mobil 488 90 086, RM677@kyrkja.no



# Glimt frå konfirmantåret



Foto: Anita Instefjord

Dette biletet er henta frå ein av konfirmantleirane i januar som me hadde på Lyngmo Ungdomssenter. Du ser kva det står, sant? Hugsar du di konfirmanttid? Konfirmanttida me har no liknar kanskje ikkje heilt på di eiga. På møtet me hadde i januar med konfirmantane sine føresette mimra me litt om konfirmanttida, og konfirmasjonsdagen. Overhøyring var eit ord som vekka mange minner og kjensler blant dei. Heldigvis har me kome vekk frå ordninga som var då med at presten stilte konfirmantane spørsmål som det var forventa at dei skulle kunne svaret på, og konfirmantane sat med tårer i augene, og klump i magen i frykt for kva som ville komme. I staden har me gudstenester der konfirmantane deltek og er med på å forme innhaldet, slik som lysmessene, Ung Messe, og Påskefest for alle.

I løpet av året har me mykje undervisning i mange slags former, konfirmantlaurdagar, gudstenester,

skaparverksturar og vanlege undervisningstimar. I alt me gjer prøver me å gjere det tydeleg at ikkje handlar om å ha dei riktige svara, men at det skal vere trygt å stille dei riktige spørsmåla for den einskilde. Tru og tvil heng saman, og å stå i undringa saman med konfirmantane er magisk, og kan gi spennande samtalar. Konfirmasjonstida er med andre ord ei tid for å finne ut om dei trur, og kva dei trur på.

I januar kjem det som for mange er høgdepunktet i konfirmantåret; konfirmantleir!

Gjennom ulike aktivitetar og ting som skjer utforskar me temaet «På lag med Gud og kvarandre». Dette temaet utforskar me ved hjelp av aktivitetar både inne og ute, leikar og undervisning. Me hadde blant anna om Dei ti boda, litt om kva bøn er, og ei bønevandring der me prøvde ulike måtar ein kan be på. På eine stasjonen skulle me sitte i stillheit, og be

inni oss dersom me ville. Nokre tykte det var veldig uvant, medan andre kjente at det gjorde godt. Me har sjølv sagt mykje tid til leik og sang også. Og dei syng altså så godt! You are holy og Måne og sol er blant favorittane!

Dei siste åra har me også invitert eksterne til å bidra til leiren. I år var utekontaktane i Sogndal kommune, May Britt Sva og Gaute Sebakke Flygel med oss begge fredagane, og hadde blant anna ei økt som handla om rus.



Foto: Anita Instefjord

Laurdag hadde me samlingar ute og inne, med forskjellige aktivitetar. Dei siste åra har me lagt opp til at leirane skal vere heilt mobilfrie, med eit stort ynskje om at ein skal løfte blikket, sjå kvarandre og vere påkopla kvarandre. At snap-streaken vert truga ei helg (spør ein ungdom om du ikkje veit kva det inneber), er for mange skremmande, men me opplever at for dei aller fleste gjer det godt å ikkje ha mobilen tilgjengeleg ei helg. Prøv det gjerne!



Her er eit bilde frå då konfirmantane skulle lage flaskebane. Sjølv om det nesten alltid er snø på Hafslo, vart det som de ser litt knapt, men det hindra ikkje konfirmantane i å vere kreative. Foto: Vegard Bondevik Lie

Lyngmo Ungdomssenter er eit fantastisk vertskap for leirane våre, og gir oss dei beste rammene for leik, læring og næring, og me er takknemlege for at dei fins i nærområdet vårt.

Når me no har starta siste halvdelen av konfirmantåret, veit me det går fort. Me har starta med konfirmanttimane våre att, der me nyttar eit verktøy som heiter Delta, som består av ei bok, i tillegg til mange digitale ressursar.

Framover ventar meir konfirmantundervisning, gudstenestene konfirmantane har ansvar for og ikkje minst FASTEAKSJONEN der konfirmantane bidreg, og lærer om diakoni. Ein ny konfirmantlaurdag der me går gjennom heile påskeveka på ein dag ventar også, og me gler oss!

Gjennom året har me med oss mange frivillige, alt frå føresette, soknerådsmedlemar og andre som ynskjer å gjere ein innsats for konfirmantane våre, men me har alltid plass til fleire! Dersom du vil vere med og bidra med noko, ta kontakt med oss på kyrkjekontoret!

Håpar de alle er med og støttar konfirmantane på gudstenestene dei er med på, i arbeidet som dei gjer for Fasteaksjonen, og elles i tida fram mot konfirmasjonsdagen, og viser dei at me saman er på lag med Gud og kvarandre!

*Anita Instefjord  
Tekst*



Foto: Cristina Sandor

# Auka festeavgift for graver i Sogndal kommune frå 2025

Festeavgifta for kistegraver er 400 kr per grav per år frå 1.1.2025

Gravplasslova §21 seier at festeavgifta for graver vert fastsett av kommunen etter framlegg frå gravplassmyndigheita. Sogndal kommune vedtok i sak 110/24 punkt 9 at festeavgifta for ordinære kistegraver vert 400 kr per år frå 1.1.2025 og at avgifta frå og med 2026 vil verte auka årleg i tråd med auke i konsumprisindeksen.

Festeavgift for andre typar graver er fastsett som ein prosentsats av satsen for kistegrav.

Type grav	Prosentsats samanlikna med ordinær kistegrav	Festeavgift per grav per år frå 1.1.2025
Ordinær kistegrav	100 %	400 kr
Urnegrav på nye urnegravfelt på Stedje kyrkjegard	50 %	200 kr
Kistegrav i Namna minnelund på Stedje kyrkjegard	50 %	200 kr
Urnegrav i Namna minnelund på Stedje kyrkjegard	33,3 %	133 kr

## Kvifor aukar festeavgiftene no?

Sogndal kyrkjelege fellesråd er offentleg gravplassmyndighet i Sogndal kommune og festeavgifter er ei av dei få inntektskjeldene fellesrådet har ved siden av den kommunale løvinga. Inntektene frå festeavgifter er med dagens ordning heilt naudsynt for å finansiere drift og vedlikehald av gravplassane. Utgiftene til dette har auka kraftig dei siste åra, medan festeavgifta har stått uendra på 300 kr sidan kommunesamslåinga pr 1.1.2020, og i tidlegare Sogndal kommune heilt sidan 2018.

## Kva er festeavgift?

Festeavgifta er ei avgift betalt av festar for å rå over ei grav på ein offentleg gravplass som ikkje er ei «fri gav». Ein «leiger» eit areal på gravplassen og får ein tidsavgrensa rett til å disponere dei festa gravene. Festaren bestemmer kven som skal gravleggast i den festa grava, kan montere gravminne, står som eigar av gravminnet og kan plante framfor grava om ynskjeleg.

## Lengd på festeperiode – frekvens for innkrevjing av festeavgifter

Frekvens for innkrevjing av festeavgifter er fastsett

i *Forskrift om gravplassvedtekter, Sogndal kommune, Vestland* gjeldande frå 4. april 2022. Nytt der: Ved feste av grav attmed ny, fri grav er festetida **20 år ved første gongs feste**, det vil seie når den første grava vert teken i bruk. Med ny sats i 2025 betaler ein då kr 8.000 for å reservere grav attmed fri grav i 20 år. I alle andre tilfelle vert det i Sogndal kravd inn festeavgift **kvart femte år**.

Sjå også heimesida **sogndal.kyrkja.no/gravplass** der du finn gravplassvedtekter, svar på spørsmål om graver og feste og kan også søkje etter gravlagde på gravplassane våre.



Foto: Jostein Risa

# Kvamsøy kyrkje 750 år i 2025

I pinsehelga 6.–8. juni vert det storfeiring av Kvamsøy kyrkje 750 år.



Den gamle steinkyrkja (antatt bygd 1275) på Kvamsøya utafor Balestrand var soknekyrkje for Kvamsøy sokn til 1903 då Sæle kyrkje vart bygd. Likevel har kyrkja vore brukt heile tida med to faste gudstenester i året, og ikkje minst Olsokgudsteneste som er ein lang tradisjon i kyrkja på Kvamsøy.

Ei Olavskjelde på øya er med og understrekar den sterke tradisjonen som Olsokfeiring for Kvamsøy har.

Me vil bruke kunst og kultur til å løfte fram "kyrkja på øyna" ved å ha:

## Fredag 6. juni:

Kunstutstilling kl.16.00 på Kviknes Hotel av lokale kunstnarar i Balestrand og opning av jubileumshelga.

## Laurdag 7. juni:

- Pilgrimsvandring frå kl. 13.00 både på fastlandet og på

Kvamsøya, blant anna til Olavskjelda. Biskop Ragnhild Jepsen deltek på jubileumsfeiringa både på laurdag og søndag.

- Det vert fint å nyte medbrakt nistemat på friluftsområdet eller på Øyna.
- Konsert i kyrkja laurdag kl. 17.00 med gregoriansk song ved Eyolf Østrem, Kari Malmanger syng folketonar og Hallgrim Skjerdal spelar hardingfele. Konsert og skyss kr 300,-.

## Søndag 8. juni:

- Jubileumsgudsteneste søndag kl. 12.00 der biskop Ragnhild Jepsen deltek. Balestrand Songlag. Jubileumsoffer. Kyrkjekaffi på friluftsområdet
- Det vert gjeve ut eit jubileums-skrift som vert å få kjøpt.
- Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi på friluftsområdet på fastlandet. Nærare info kjem.

*Komiteen for Kvamsøy 750 og Balestrand sokneråd*



# Fasteaksjonen gjev grønt håp midt i tørken

Takka vere fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, der mange millionar kroner blir samla inn i kyrkjelydane i Noreg kvart år, kan Kirkens Nødhjelp bidra til at fleire får tilgang til vatn og kan skaffe seg mat og eit levebrød.

Avlingar har kollapsa over heile Zambia i den verste tørken på 20 år. Men det finst unntak: I eit av dei verst råka områda har dei greidd å dyrke mat gjennom heile tørka.

«Kom og sjå», syng Catherine Mweemba (63) høgt medan ho dansar på åkeren, midt blant ei gruppe kvinner som står bøygð over jorda og hakkar. Ansiktet til Catherine sprekk opp i eit stort smil.

Dei andre kvinnene syng tilbake: «Kom og sjå kva vi dyrkar her! Kom og sjå at vi plantar, kom og sjå at vi vatnar, kom og sjå kva vi haustar!».

Catherine Mweemba kjem hit tre gongar i veka for å dyrke grønsaker.

I denne grønsakhagen blir det dyrka mais, tomatar, kål og belgfrukta okra. Vi er i distriktet



Catherine Mweemba (63) og dei andre deltakarane er no i stand til å dyrke mat, sjølv om det er tørke. Dei har fått tilgang til vatn og har lært å dyrke ved hjelp av dryppirrigasjon.

Gwembe, sør i Zambia. Rett utanfor den irrigrøne oasen er bakken brun og knusktørr. Dei fleste tre og planter er tørka inn. Elveleie og bekkar er utan vatn.

Det har vore tørke i heile 2024 i store delar av det sørlege Afrika. Zambia er eit av dei hardast råka landa. Regntida i slutten av 2023 varte berre i tre veker, medan det normalt kan regne i fleire månader.

## TØRKEN I DET SØRLEGE AFRIKA

- Langvarig tørke i det sørlege Afrika har forårsaka den verste svoltkrisa i regionen på fleire tiår, ifølgje FNs matvareprogram (WFP).
- I Zambia er 12,2 millionar menneske råka av tørke.
- Kirkens Nødhjelp og partnarane våre driv fleire prosjekt med klimasmart landbruk i Zambia.
- I desse prosjekta har innbyggjarane fått auka tilgang på vatn. Dei lærer å dyrke på ein måte som krev lite vatn, og som gjer at dei kan dyrke heile året, også gjennom tørke. Det gir dei mat og inntekter.

## GRØNT UNDER TØRKA

– Mange har ikkje hausta noko i det heile i løpet av det siste året, fordi det ikkje har regna. Så det er mykje svolt i dette distriktet, fortel Caroline Mwewa frå ADRA, ein partnarorganisasjon som Kirkens Nødhjelp samarbeider med her.

Men kvinnene vi møter her, har klart å dyrke mat medan andre avlingar har kollapsa.

– Her viser vi måtar å dyrke på som er berekraftige og som faktisk verkar, sjølv i situasjoner som tørke, fortel Mwewa.

Dei som bur i området, kan kome hit og lære å dyrke grønsaker med såkalla dryppirrigasjon. Kirkens Nødhjelp og partnerorganisasjonen vår har sørgd for vatn. Ei solcelledriven vasspumpe pumpar vatn frå eit borehol opp til to store vasstankar. Derfrå blir vatnet ført ut gjennom slangar med små hol, så vatnet dryp i jorda akkurat der plantane er. Denne metoden krev ikkje så mykje vatn.

– Som regel har folk berre venta på regntida, og så venta til neste regntid året etter med å så. Men ein kan dyrke heile året, så lenge ein har tilgang til vatn. Det greier mange no, utan å vere avhengig av regnet, seier ho.

Dei som er med, kan òg selje grønsaker, og dei deler inntektene. Ein vasstasjon er òg sett opp, slik at folk kan hente vatn til eige forbruk der. Mange har òg byrja med dryppirrigasjon i sine eigne grønsakhagar heime.

#### HAR FÅTT INNTEKT

Winnie Milambo har dottera på åtte månader i eit sjal på ryggen



– Gjennom dette har eg fått ei inntekt, fortel Winnie Milambo, her med dottera Tendai Mwela (åtte månader).

medan ho haustar mais. Winnie er gift og har seks barn. To gongar i veka kjem ho hit. Ho har òg ein grønsakhage heime, der ho har planta mais.  
– Gjennom dette har eg fått ei inntekt, fortel ho.  
For inntektene har ho kjøpt to geiter.  
– Når eg får endå fleire geiter, kan eg selje nokre og tene meir pengar. Pengane eg tener går òg til skolepengar for barna mine, og til å kjøpe mat. Det har betydd ei stor endring for meg.

Åsne Gullikstad  
Tekst  
Håvard Bjelland  
Foto

## FASTEAKSJONEN I SOGNDAL

I Sogndal vil konfirmantane gå rundt tysdag 8. april. Ta vel i mot dei.



Det har vore tørke i Zambia og store delar av det sørlege Afrika sidan starten av 2024. Her ei uttørka elv i Gwembe.

# Konfirmasjonar i sogndal våren 2025

Med etterhald om endringar. Konfirmasjonane er sorterte på gudstenestedato, kyrkje og førenamn på konfirmanten. Konfirmantlistene vert også publiserte i Sogn Avis og på nettsidene våre.



## ØLMHEIM KYRKJE, NORUM

Søndag 4. mai kl. 11.00

Martine Fardal

Matilde Davidsen Fimreite

Stian Slinde

Tobias Ølmheim

Vilja Øvereng Ylvisåker

## VAR DU KONFIRMANT I 1975?

Søndag 1. juni kl. 11.00 er det gudsteneste i Stedje kyrkje der dei som vart konfirmerte i 1975 er særskilt inviterte. Jubileet er felles for sokna Norum, Kaupanger og Stedje, og alle 50-års-konfirmantane frå desse sokna vil få skriftleg invitasjon til gudsteneste og felles middag på Vesterland Feriepark etterpå.

Vel møtt!

## STEDJE KYRKJE

**Laurdag 10. mai kl. 10.00**

Eirik Uglum  
Eline Hollekve Holbø  
Even André Sætrehaug  
Fride Bøyum  
Gustav Løbø Flåten  
Jonas Gladsø  
Katja Sæthre Ediassen  
Kristian Bergheim  
Magdalon Sætre Veum  
Mats Lefstad Drægni  
Ole Martin Uglum  
Oscar Johannessen Bakke  
Teodor Trovåg Løvik  
Thale Ylvisåker Førre  
Vegar Stenehjem  
Vilde Lee Breili

**Laurdag 10. mai kl. 12.30**

Ailin Elvagjeng  
Alexander Haugen  
Andrine Sjøvoll Øvstetun  
Annelinn Myklebust Ølnes  
Aurora Jahren Vee  
Camilla Teigen Kvam  
Cedric Uglane  
Christian Westerheim  
Hedda Svedal  
Jørgen Holm Holen  
Karl Robert Lorentzen Brenden  
Maja Kvåle Loftesnes  
Mikkel Kvåle Loftesnes

Sander Pettersen Høyland

Vilja Skartun Skjeldestad

**Søndag 11. mai kl. 10.00**

Andrine Sønnesyn  
Aurora Eggum Talleraas  
Brage Sandrason Bakkane  
Brage Eevebø Grøv  
Guro Bjelde Hjelmhaug  
Janne Hodlekve  
Kristian Sandvik  
Lukas Seielstad Gjerde  
Maiken Solvi Mardal  
Mats Wehn Skjeldestad  
Mie Krogh Ravnestad  
Monica Joseph Nocha  
Natalie Dyrdal Øy

**Søndag 11. mai kl. 12.30**

Adrian Helland Espe  
Alexander Uglum Jensen  
Bjørn Tore Kusslid  
Brigt Vikdal Krogh  
Carlos Daniel Borbon

## TJUGUM KYRKJE, BALESTRAND

**Helgetorsdag 29. mai kl. 12.00**

Adrian Buene-Søreide  
Adrian Skåsheim  
Angelika Thorbjørnsen  
Daniel Kyrvestad  
Isabell Sjøthun Langeteig  
Ken Aleksander Miralles Dale  
Marija Bernecka Nesi  
Mikael Feten  
Toralf Menes

## LEIKANGER KYRKJE

**Laurdag 7. juni kl. 11.00**

Andreas Lund Nygard  
Aron Edvard Borlaug Orrestad  
Emilie Fossberg  
Endre Lunde Risøen  
Guro Marie Bruteig Bøyum  
Isa Husabø-Ese  
Jonathan Moberg  
Lucas Andre Nornes  
Nikolai Aase Haugen  
Sigrid Ulveseth Odd  
Sindre Fosse Fidjestøl  
Yngve Nesse Takle

**Søndag 8. juni kl. 11.00**

Benjamin Ølmheim  
Cecilie Lærum Gjøringbø  
Ella Wathne Langeteig  
Emil Kvam  
Håvard Tveit Eggum  
Kenneth Skårhaug Talle  
Maria Kitiashvili Melås  
Oline Næss Prøven  
Ragnar Skrede Valvik  
Sara Saltnes Slinde  
Sarah Norum Husbabø

## KAUPANGER STAVKYRKJE

**Helgetorsdag 29. mai kl. 10.00**

Arja Stigen Wassæther  
Elly Nikali Dalaker Foss  
Emma Yttrehus Tveit  
Håkon Nondal  
Isak Ekrene Haukås  
Jennie Nes Skrede  
Liva Victoria Tufte Førde  
Teodor Nondal Marøy

**Helgetorsdag 29. mai kl. 12.30**

Andrea Heggestad  
Jenny Vedvik  
Jonas Vedvik  
Maja Vik Vatlestad  
Mathilde Bruland Selseng  
Paola Holana  
Sara Louise Berge  
Vegard Nikolai Skare Svendsen

## FJÆRLAND KYRKJE

**Søndag 8. juni kl. 11.00**

Jon Supphellen  
Vetle Supphellen Solsvik

# GUDSTENESTER I PÅSKA 2025

## SØNDAG 6. APRIL

**Ølmheim kyrkje kl. 11.00:**

Påskefest for alle

**Fjordtun oppvekstsenter (Balestrand) kl. 11.00:**

Gudsteneste

**Leikanger kyrkje kl. 17.00:**

Påskefest for alle

## PALMESØNDAG – 13. APRIL

**Fjærland kyrkje kl. 11.00:**

Gudsteneste

**Kaupanger bedehus kl. 14.30:**

Påskevandring

## SKJÆRTORSdag – 17. APRIL

**Ølmheim kyrkje kl. 11.00:**

Gudsteneste

**Britabu kl. 13.00:**

Sportsandakt

**Sogndal helse- og omsorgssenter kl. 13.30:**

Påskegudsteneste med nattverd

**Stedje kyrkje kl. 19.30:**

Gudsteneste

## LANGFREDAG – 18. APRIL

**Sæle kyrkje kl. 11.00:**

Gudsteneste

**Leikanger kyrkje kl. 19.00:**

Gudsteneste

## PÅSKEDAG – SØNDAG 20. APRIL

**Tjugum kyrkje kl. 11.00:**

Høgtidsgudsteneste

**Stedje kyrkje kl. 11.00:**

Høgtidsgudsteneste

## 2. PÅSKEDAG – MANDAG 21. APRIL

**Fjærland kyrkje kl. 11.00:**

Høgtidsgudsteneste med minnemarkering



## PÅSKEVANDRING PÅ KAUPANGER

På Palmesøndag inviterer me heile familien til påskevandring på Kaupanger. Vi startar med middag på bedehuset kl. 14.30. Klokka 15.00 startar vi vandringa ned mot Stavkyrkja der vi heldt ei kort gudsteneste kl. 16.00. Ei kjempefin start på påskefeiringa. Ta med deg store og små og kom!




# **LABYRINT**

## Hjelp Maria å finne vegen til grava.

## LABYRINT

### Hjelp Maria å finne vegen til grava.



## Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.

# אכלה נסבנית לכם

כָּלְבָּהָרָא

## Det mystiske agentalfabetet:


Ա Ե Զ Ճ Ծ Ւ Ւ Կ Ր Ն Ո  
Ա Բ Վ Շ Ո Մ Ջ Կ Լ Մ Ն Օ  
Վ Շ Ո Մ Ջ Կ Լ Մ Ն Օ



Vitsar:

- Du luktar  
så godt i dag.  
Kva har du teke  
på deg?
- Reine sokkar.

Har du  
høyrt om han  
somsov så  
tungt at senga  
knekte?



## Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

## Desse oppgåvane er henta frå bladet.

**Bestill abonnement  
på *Sondagsskolen.no*  
eller 22 08 71 00**



 Søndagsskolen - mer enn du tror

# Trusopplæring i Balestrand sokn vår 2025

## Minikonfirmasjon for 11-åringar

Søndag 2. mars var det Familiegudsteneste med utdeling av diplom og deltaking av Minikonfirmantane. Helga 25.-27. april reiser vi på Minikonfirmantleir på Alværa misjonssenter.



## SommerTreff Sygna (13-16 år) 23.-27. juni

Går du på ungdomsskulen eller i 7. klasse? Då er du hjartelig velkommen på Sommartreff i Balestrand. Dette er ein leir med god undervising og mange kjekke aktivitetar. For meir informasjon og påmelding: [sygna.no/meny/sommertreff](http://sygna.no/meny/sommertreff).

Har du spørsmål, kontakt Marta: [mleodo@nlm.no](mailto:mleodo@nlm.no)



## Babysong/småbarnstreff (0-3 år)

Velkommen til song og prat på Helsestasjonen kl 11-12.30 desse måndagane: **3/3, 7/4 og 5/5**. Følg elles med på Facebook-gruppa *Balestrand babysong* eller ta kontakt med kyrkjelydspedagogen om du er interessert eller har spørsmål.



## Nestenåring (5.-8. klasse)

Fredagsklubb på Bedehuset **kl 18-20 desse fredagane: 28. januar, 28. mars og 23. mai.**



**Ungdomskveld med Amazing Race og Ung Messe kl 20-24 fredag 9. mai** for elevar på ungdomsskulen og vidaregåande. Kjekke aktivitetar, ungdomsband, nattverd, kiosk og god stemning!



## Kontakt

Har du spørsmål eller innspel til trusopplæringstiltaka i Balestrand, ta kontakt med kyrkjelydspedagog

Magni Åm Risa  
466 97 476  
[mr368@kyrkja.no](mailto:mr368@kyrkja.no)

Alle som går på ungdomsskulen er hjartelig velkomne på

**Samtalegruppe** annakvar tysdag **kl. 19.45-21.30** heime hos familien Risa i Fjærstad 42. Vi et saman, pratar om liv og tru, utforskar Bibelen, spelar spel og blir betre kjende med Gud og kvarandre.



I tillegg til trusopplæringstiltaka arrangerer frivillige lag og organisasjonar mange gode og kjekke aktivitetar for born og unge med rom for å vekse i trua.

Velkomen på:

- **Spiren (3-7 år) og Addis (8-13 år)** kl. 17.30-19.00 onsdag i oddetalsveker
- **KRIK (14-20 år)** kl. 16.30-18 kvar fredag
- **Kveldsmøte** i møtesalen på Sygna vgs kl. 20 kvar torsdag

For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i våre kyrkjer, sjå [www.sogndal.kyrkja.no/TOL](http://www.sogndal.kyrkja.no/TOL).  
Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

# Trusopplæring i Fjærland, Kaupanger, Leikanger, Norum og Stedje sokn vår 2025

## Babysong for 0-åringar

Kaupanger bedehus og Stedjetunet har babysong annakvar onsdag, medan Leikanger kyrkjelydshus har babysong annakvar torsdag.

Sesongen varar fram til 23.4. (Stedje), 24.4. (Leikanger) og 30.4. (Kaupanger). Sjå datoar på heimesida, i Kva skjer-appen og på Facebook-gruppa Babysang i Sogndal.



## Småtrolltrall for 1-3-åringar

Me møtest kvar tredje torsdag fram til 22.5., på Stedjetunet kl. 17.15 til 18.15 for song, regler, leik, kjeks og frukt. Ta gjerne med familien. Dataane kjem på heimesida og i Kva skjer-appen.



## Tårnagentdag

i Ølmheim

kyrkje for

8-9-åringar

laurdag

22.mars

(OBS; datoen

er endra

etter førre

Kyrkjelydsblad)

Ein dag full av aktivitet, oppdagning og leik, der høgdepunktet for mange kanskje er å få kome opp i kyrketårnet. Me et pølser, og avsluttar med ei lita gudsteneste.



## Utdeling til 11-åringane:

### Teikneseriebibelen

Me hadde utdeling av denne fine boka til 11-åringane i guds-tjenester i februar. Hadde du ikkje høve til å delta, er du hjarte-leg velkommen innom Kyrkjekontoret på Stedjetunet for å hente deg ei bok.



## 2. mars i Stedje kyrkje kl.11.00: SPRELL LEVANDE gudsteneste, med særskilt invitasjon til 5-åringane og halve 4-årskullet

Utdeling av fireårsbok til dei som er fødde januar – juni i 2021. Utdeling av klistermerkebok til femåringane.




## Krølleklubben for 4 – 5 åringer (førskulebarn)

Me møtest for song, forteljing, velsigning og kveldsmat på Stedjetunet kvar tredje torsdag kl. 17.15-18.30. Siste samling denne sesongen er 15.5.

## Palmesøndag på Kaupanger 13. april. For heile familien.

Mat, påskevandring og palmesøndag-gudsteneste for heile familien.



## Påskefest for alle med utdeling av 6-årsbok: søndag 6. april

- Ølmheim kyrkje: kl. 11.00
- Leikanger kyrkje: kl. 17.00
- Dei andre sokna deler ut seksårs-bøker i juni (Fjærland) og august (Stedje, Kaupanger og Leikanger)

## Blomstergudsteneste i Fjærland

15.juni kl. 12.00. Utdeling av 6-årsbok, blomsterplukking frå kl. 11.40, alle barn frå 4-12 er særkilt inviterte, og me byr på litt tårnagentopplegg etter kyrkjekaffien.

Velkommen innom kyrkjekontoret, om du ikkje har fått boka di eller arbeidsheftet i 2024!

Følg med på  
heimesidene  
våre for meir info  
om alt! www.  
sogndal.kyrkja.  
no/Born-og-unge



## VIL DU SOM VAKSEN BIDRA MED NOKO I TRUSOPPLÆRINGA?

Konkrete ting du kan gjere:

- Bake bollar.
- Vere tilstades som ein trygg voksen person.
- Leie samlingar eller grupper. Til dømes søndagsskule, samtalegruppe for tweens, konfirmantar eller eldre ungdommar.
- Komme med gode idéar på ting me kan gjøre for barn og unge i kyrkjelydane våre.
- Bidra praktisk på babysong, småtrolltrall, engleverkstad, tårnagent, lys vaken eller anna.

Det er eit givande og fint arbeid, og me ynskjer at fleire kan få ta del i denne delen av å vere kyrkle i Guds rike.

Gje ein lyd til leiar i trusopplæringa, Birte Husum, om du har lyst til å vere med, eller har spørsmål når det gjeld trusopplæringa i Fjærland, Kaupanger, Norum, Leikanger eller Stedje sokn.

Tlf. 94798799 eller e-post: birte.husum@sogndal.kyrkja.no

For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i våre kyrkjer, sjå [www.sogndal.kyrkja.no/TOL](http://www.sogndal.kyrkja.no/TOL).

Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

# Moderne samlingsstad med ei stolt historie

Sidan gjenreisinga i 2020 har Stedjetunet vorte ein populær og hyggeleg møteplass som gir rom for gode samvær. – Den frivillige innsatsen er eit svært viktig bidrag for å få dette til, seier Ove Bukholm i Stiftinga Stedjetunet.

Over generasjonar har bruken av Stedjetunet endra seg og fylt ulike funksjonar. I dag husar den moderne bygningen både kyrkjekontor, barnehage, næringsaktivitet og selskapslokale for mange typar arrangement. Forsamlingsdelen er mykje brukt til dåpsfeiringar, konfirmasjonar, minnesamvær, konsertar, møte, babysong og ulike markeringar.

**Stedjetunet som brann ned på dramatisk vis i 2017 har igjen vorte eit bankande hjarte i lokalsamfunnet.**

Lokala på Stedjetunet er utforma med tanke på både komfort og funksjonalitet, der ein på det meste kan dekke til 90 personar i storsalen. Om ein deler salen i to, er det plass til 40 i kvar sal. Eit godt utstyrt storkjøken gjer det mogleg å servere store forsamlingar, enten med eigne krefter eller gjennom ei cateringordning.

Med på kjøpet får ein den finaste panoramautsikten mot fjorden.

## Frivillige er viktige

Ein stor styrke ved Stedjetunet er dei frivillige som engasjerer seg for å gjere arrangementa så gode som mogleg. Desse hjelparane bidrar til å dekke opp, pynte bord, servere, og ikkje minst rydde og vaske etter at arrangementa er over.

– Deira innsats er uvurderleg og gjer at Stedjetunet kan vere ein stad der både store og små hendingar



Storsalen kan på det meste gi plass til 140 stolar, eller oppdekning for inntil 90 personar slik bildet viser. (Foto: Aud Marie Stundal)



Nye Stedjetunet husar i dag både barnehage, kyrkjekontor, næringsaktivitet og selskaps- og møtelokale som er i bruk heile året. (Dronefoto: Are Kvistad)

kan markerast på eit flott og verdig vis, seier Bukholm.

## Gode stunder for alle

Det er Stiftinga Stedjetunet som eig og har ansvar for drifta. Eit viktig mål er at huset skal vere ein ressurs for lokalsamfunnet og skape ein hyggeleg møteplass for alle.

For dei som ønskjer å støtte drifta av Stedjetunet, finst det fleire måtar å bidra på. Det er alltid bruk for dugnadshjelp eller økonomiske bidrag. Vil du bli med i det frivillige fellesskapet, kan du melde deg inn i Stedjetunets venner. Dette kan ein lese meir om på heimesida [www.stedjetunet.no](http://www.stedjetunet.no).

*Are Kvistad  
tekst*

Stedjetunet er eigd og vert driven av Stiftinga Stedjetunet som er skipa av kyrkjelydane i Sogndal prestegjeld (Kaupanger, Norum og Stedje sokn).

## PENSJONISTTREFF PÅ KAUPANGER BEDEHUS

Vel møtt til pensjonisttreff på Kaupanger bedehus den siste måndagen i kvar månad kl. 11.00 til 12.30. Våren 2025 er det planlagt desse datoane:

- 31. mars
- 28. april
- 26. mai


## STILLE KVELD I STEDJE KYRKJE

Me lever i ei travel tid, det er mange inntrykk og mykje som både skal fordøyast og presterast på ulike område. Då kan det vera godt å komma til kyrkjerommet, få tid til å roa ned og sitja litt å kvila i eit møte med det heilage i kyrkjerommet. Dette er utgangspunktet for «Stille kveld».

Me syng fire salmar, ber tidebøn og er stille i 10 minuttar, der kan du sitja i eigne tankar eller berre vera i stilla, i bøn, eller kanskje kveikja ljós i lysgloben. Du kan også sitja for deg sjølv utan å ta del i salmane eller tidebøna og berre kvila i kyrkja.

«Stille kveld» begynner kl 19.00 og varer i 35-40 minuttar.

Datoane for våren er: 9. april og 14. mai.



## MUSIKKGLEDE – FESTKONSERT I STEDJE KYRKJE LAURDAG 29. MARS

- Vi har valt namnet «Musikkglede» som overskrift på festkonserten under Sogn musikkdagar 2025, fortel Akiko Anazawa entusiastisk. Konserten inneholder vakker og variert musikk der musikkarar og songarar har stor glede av samspel og felles opplevingar. Dette håpar dei å dele med publikum denne siste laurdagen i mars.

Vi får høre kammermusikk med ulike mindre grupper. Mellom anna står den kjende «Forellekvintetten» av Schubert på programmet. Sogndal songlag og festivalorkesteret skal framføre Förklädd Gud av den svenska komponisten Lars-Erik Larsson. Dette er eit av dei mest kjende og elska klassiske kor- og orkesterverka i Sverige. Solistar er Ann-Margrit Silferhielm frå Gloppen og Henning Lad frå Gaupne. Ingrid Einemo Zwart frå Lærdal har rolla som forteljar. Eit trimma songlag gler seg!



Akiko Anazawa Seter.  
Foto: Sogn Kulturskule

Sogn musikkdagar vert arrangert for femte gong, og er eit samarbeid mellom Distriktsmusikarane i Vestland, Sogn kulturskule og frivillig musikkliv i Sogn. I år vert det festivalpub og skulekonsertar på Hafslo og i Sogndal i tillegg til festkonsertar i Sogndal og Fjordstova i Skjolden.

Kari Thorsen, tekst



Sogndal Songlag under konsert i november 2024.  
Foto: Bente Leirdal Sleen

*Støttespelarane våre:*



[www.lerum.no](http://www.lerum.no)



**Printfarm**

TRYKK DU BLIR GLAD I.



post@printfarm.no [www.printfarm.no](http://www.printfarm.no)



Fossetunet 1 | 6856 Sogndal  
Tlf: 57 67 65 40 | [skjeldestad@kontorspar.no](mailto:skjeldestad@kontorspar.no)  
[www.kontorspar.no](http://www.kontorspar.no)

**alliance\***  
—  
**OPTIKK**

**Sogn Synssenter**

Eit variert utval i alle prisklassar av innfatningar, brilleglas, kontaktlinser solbriller, kikkertar og luper.

Tlf: 57 67 50 50

**Lokale til leige**



Stedjetunet har lokale til leige til minnesamvær, dåpsseksjon, konfirmasjon, bryllup og andre tilstelningar.

For informasjon om prisar, sjå [www.stedjetunet.no](http://www.stedjetunet.no)



**ADVOKATFIRMAET  
TOLLEFSEN**

Parkveien 5, 6856 SOGN DAL • Tlf. 57 62 88 50 • e-post: [post@advokat-tollefSEN](mailto:post@advokat-tollefSEN)



Optiker

**Kjell M. Talleraas**

6856 Sogndal • tlf. 57 67 11 10 • [optikaren.no](http://optikaren.no)

**HOLLEKVE SAG  
TRE- OG STÅLBYGG**

Telefon 90 11 67 83

**ncom**

OFFENTLEG GODKJENT  
REINGJERINGSFIRMA  
[www.ncomsogn.no](http://www.ncomsogn.no)



Byggmester

**Ingmar Stenehjem**

mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52  
[www.stenehjembygg.no](http://www.stenehjembygg.no)

**AMFI** SOGNINGEN



AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.



**NORDBOHUS SGN**  
[www.nordbohus.no/sogn](http://www.nordbohus.no/sogn)



**HOLEN INSTALLASJON AS**

SOGNDAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK

[www.holen-installasjon.no](http://www.holen-installasjon.no) • Tlf. 57 67 75 00 • [post@holen-installasjon.no](mailto:post@holen-installasjon.no)



Sogn Kontorsenter as vert:

**LINDBAK**  
SGN OG FJORDANE

Telefon 57 67 66 99



**solberg**  
el-service

Støttespelarane våre:



## GRAVSTEIN

Me kan hjelpe med skriftfornying, oppretting og rens av gravsteinar, på alle gravplassar i Indre Sogn.

57 68 14 77 • [www.sogngravferdshjelp.no](http://www.sogngravferdshjelp.no) • [post@sogngravferdshjelp.no](mailto:post@sogngravferdshjelp.no)



Telefon: 57 67 18 85

Opplæring klasse  
A1-A-B-BE-T-M146

Trafikalt grunnkurs

E-post:  
[post@hofslundsgen-trafikkskule.no](mailto:post@hofslundsgen-trafikkskule.no)

**EILERT & EDVIN  
HOLME AS**



VestlandsHus TRYGGE HJEM

**ALT INNAN TØMRAR  
OG BETONGARBEID**

KONTAKT OSS FOR TILBOD!

VestlandsHus®

VestlandsHus Sogn AS • Tlf 57 67 33 88

**EL-PROFFEN  
JOSVANGER**

Din lokale elektrikar

[post@josvanger.no](mailto:post@josvanger.no) 48 08 37 00 [www.josvanger.no](http://www.josvanger.no)

RØYRLEGGJAR ingmar fimreite as  
6856 Sogndal Tlf. 57 67 45 21 - mob. 905 00 331  
[www.fimreite.as](http://www.fimreite.as)

**FS Anlegg as**  
[www.fsanlegg.no](http://www.fsanlegg.no)

**THARASO AS**



**SOGN  
KJØLESERVICE**  
[sognkulde.no](http://sognkulde.no)

57 67 11 11

dyreklinikken  
i Sogndal AS

Man: 18.00 – 20.00  
Tys og ons: 08.00 – 11.00  
Tor og fre: 09.00 – 12.00  
Tlf: 57 67 55 55 / 976 75 555

**DET ER HÅP I  
EIN DROPE VATN**

Nesten 800 millionar menneske lever framleis utan tilgang til rent vann i verda i dag, på grunn av terke, flaum, jordskjelv eller krig.

Støtt Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon og gje vatn til dei som treng det mest!

**VIPPS til 2426**

**KIRKENES  
NØDHJELP**  
octaliance

**KIWI mini  
pris**

KIWI Hermannsverk  
08-22 (20)

**TRENG DU  
NOKON Å FORTELJE  
DET TIL?**

**KIRKENES  
SOS**  
22 40 00 40

# Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

## DØYPTE

### BALESTRAND - TJUGUM KYRKJE

17.11.2025	Maria Isabella Silva Tunaj
01.12.2024	Hans Ulrik Bale (busett i Oslo)

### LEIKANGER KYRKJE

17.11.2024	Saga Bendiksen Fossberg (busett i Bokn)
17.11.2024	Louise Thue Nondal (busett i Sogndal)
02.02.2025	Isa Husabø-Ese

### FJÆRLAND KYRKJE

10.11.2024	Ronja Bøyum
09.02.2025	Kåre Solheim

### KAUPANGER BEDEHUS

18.01.2025	Roald Kveane
------------	--------------

### NORUM- ØLMHEIM KYRKJE

03.11.2024	Iver Søgnesand Stadheim (busett i Sogndal)
28.12.2024	Synne Erfjord Øvretun
28.12.2024	Sigrid Alm Bøyum (busett på Leikanger)

### STEDJE KYRKJE

10.11.2024	Aira Molvær Ertesvåg
24.11.2024	Mari Myrmel
24.11.2024	Aksel Partenyi Skarsbø (busett på Kaupanger)
24.11.2024	Filip Aarset Brandal
19.01.2025	Signe Skjeldestad
19.01.2025	Albert Holme-Jørundland
19.01.2025	Sigurd Kvamme Espe
19.01.2025	Gustav Løbø Flåten
02.02.2025	Jens Smedegård Solberg (busett på Hafslo)
02.02.2025	Jonas Flateby Evjestad

## VIGDE

### STEDJE KYRKJE

14.12.2024	Hege Liljedahl og Halvard England
25.01.2025	Randi Alme og Ingar Øvretun

## GRAVLAGDE

### BALESTRAND - TJUGUM

19.11.2024	Hildur Farnes (Bisetjing)	f.1951
26.11.2024	Gyda Lunde (Bisetjing)	f.1932
13.12.2024	Britt Hildegunn Sjøthun	f.1964
17.12.2024	Odd Aarskog	f.1940
03.01.2025	Bente Karin Sjøthun Nybø	f.1953
23.01.2025	Anders I. Balevik	f.1943
04.02.2025	Harald Ro	f.1945

### KAUPANGER

03.01.2025	Karen Helena Dalaker *	f.1933
14.02.2025	Kristian Sviggum *	f.1938

\* Bisetjing i Stedje kyrkje, kista sett ned på Kaupanger kyrkjegard

### LEIKANGER

05.12.2024	Toril Hamre	f.1948
06.12.2024	Kari Liljedal	f.1942
10.12.2024	Kjellaug Aud Strømseng *	f.1936
24.01.2025	Per Stedje Holen	f.1948
12.02.2025	Torunn Helene Gjerde	f.1960
14.02.2025	Hans E. Hamre	f.1939

\*Kista sett ned på Husabø gravplass

### NORUM - ØLMHEIM

21.01.2025	Gjertrud Fimreite	f.1932
07.02.2025	Else Berit Fimreite	f.1945

### STEDJE

19.11.2024	Bjarne Johannes Litlabø	f.1934
22.11.2024	Kjell Inge Hansen	f.1955
19.12.2024	Ingvarda Konstanse Larsen	f.1930
20.12.2024	Aud Kirsten Eide	f.1943
20.12.2024	Bjørg Rimeslaatten	f.1939
03.01.2025	Karen Helena Dalaker *	f.1933
17.01.2025	Bjørg Lid Akselvoll	f.1948
30.01.2025	Njål Arnt Ølnes	f.1947
31.01.2025	Sigurd Martin Ness	f.1956
14.02.2025	Kristian Sviggum *	f.1938

\* Bisetjing i Stedje kyrkje, kista sett ned på Kaupanger kyrkjegard

# Velkommen til gudsteneste

MERK: I samband med bygging av nytt gravplassbygg og kyrkjestove på Kaupanger, vert Kaupanger stavkyrkje stengd fram til våren 2025. Gudstenester som hører til Kaupanger sokn, vil vere i andre lokale i denne perioden.

Med etterhald om endringar. Følg med på nettsidene våre sogndal.kyrkja.no, på sosiale medium (Kyrkja i Sogndal) eller i Sogn avis for meir informasjon om kvar einskild gudsteneste.

## MARS

### 23. MARS

**Leikanger kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste  
**Stedje kyrkje kl. 19.30:** Kveldsgudsteneste

### 30. MARS

**Stedje kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste  
**Sæle kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste

## APRIL

### 6. APRIL

**Ølmheim kyrkje kl. 11.00:** Påskefest for alle  
**Tjugum kyrkje kl. 11.00:** Samtalegudsteneste  
**Leikanger kyrkje kl. 17.00:** Påskefest for alle

### 13. APRIL – PALMESØNDAG

**Fjærland kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste  
**Fjordtun oppvekstsenter (Balestrand) kl. 11.00:** Gudsteneste  
**Kaupanger bedehus kl. 14.30:** Påskevandring

### 17. APRIL – SKJÆRTORSDAG

**Ølmheim kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste  
**Britabu kl. 12.30:** Sportsandakt  
**Sogndal helse- og omsorgssenter kl. 13.30:** Gudsteneste  
**Stedje kyrkje kl. 19.30:** Gudsteneste

### 18. APRIL – LANGFREDAG

**Sæle kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste  
**Leikanger kyrkje kl. 19.00:** Gudsteneste

### 20. APRIL – PÅSKEDAG

**Stedje kyrkje kl. 11.00:** Høgtidsgudsteneste  
**Tjugum kyrkje kl. 11.00:** Høgtidsgudsteneste

### 21. APRIL – 2. PÅSKEDAG

**Fjærland kyrkje kl. 11.00:** Høgtidsgudsteneste med minnemarkering

## 27. APRIL

**Stedje kyrkje kl. 11.00:** Ung Messe  
**Kaupanger bedehus kl. 19.30:** Ung Messe

## MAI

### 4. MAI

**Ølmheim kyrkje kl. 11.00:** Konfirmasjonsgudsteneste  
**Tjugum kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste  
**Stedje kyrkje kl. 19.30:** Kveldsgudsteneste

### 10. MAI

**Stedje kyrkje kl. 10.00 og kl. 12.30:** Konfirmasjons-gudstenester

### 11. MAI

**Stedje kyrkje kl. 10.00 og kl. 12.30:** Konfirmasjonsguds-tenester  
**Leikanger kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste

### 17. MAI – GRUNNLOVSDAG

**Stedje kyrkje kl. 10.00:** Festgudsteneste  
**Tjugum kyrkje kl. 10.00:** Festgudsteneste  
**Leikanger kyrkje kl. 10.15:** Festgudsteneste  
**Kaupanger kl. 12.00:** Ord for dagen på felles markering

### 25. MAI

**Fjærland kyrkje kl. 11.00:** Samtalegudsteneste  
**Sæle kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste

### 29. MAI – KRISTI HIMMELFARTSDAG

**Kaupanger stavkyrkje kl. 10.00 og kl. 12.30:**

Konfirmasjonsgudstenester

**Sogndal helse- og omsorgssenter kl. 13.30:** Guds-teneste

**Tjugum kyrkje kl. 12.00:** Konfirmasjonsgudsteneste

## JUNI

### 1. JUNI

**Stedje kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste med 50-års-konfirmantar



# Velkommen til gudsteneste

MERK: I samband med bygging av nytt gravplassbygg og kyrkjestove på Kaupanger, vert Kaupanger stavkyrkje stengd fram til våren 2025. Gudstenester som hører til Kaupanger sokn, vil vere i andre lokale i denne perioden.

Med etterhald om endringar. Følg med på nettsidene våre sogndal.kyrkja.no, på sosiale medium (Kyrkja i Sogndal) eller i Sogn avis for meir informasjon om kvar einskild gudsteneste.

## 7. JUNI - PINSEAFTEN

**Leikanger kyrkje kl. 11.00:** Konfirmasjonsgudsteneste

## 8. JUNI – PINSEDAG

**Leikanger kyrkje kl. 11.00:** Konfirmasjonsgudsteneste

**Fjærland kyrkje kl. 11.00:** Konfirmasjonsgudsteneste

**Kvamsøy kyrkje kl. 12.00:** Jubileumsgudsteneste,  
Kvamsøy kyrkje 750 år

## 15. JUNI

**Sogn Folkemuseum kl. 11.00:** Friluftsgudsteneste

**Fjærland kyrkje kl. 15.00:** Blomstergudsteneste

## 22. JUNI

**Stedje kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste

**Stølsberg kl. 11.00:** Friluftsgudsteneste

## 29. JUNI

**Leikanger sjukeheim kl. 11.00:** Gudsteneste

